

HARDANGERFJORDCRUISE



Samlafjorden

M/S *Granvin* startar frå Norheimsund kl. 9 30, går via Øystese til Herand. Ein guide står klar til å følgja deg opp til det kulturhistoriske senteret. I hamna er det ein veldig koseleg restaurant i det gamle meieriet. Det kan freista med ein eplepizza, som har vorte eit varemerke for restauranten og Herand. Etter ein og ein halv time går vi vidare til Steinstø. Guiden her tek deg med til kakebua og ein vandring gjennom frukthagen. Etter 45 minuttars stopp går skuta inn Fykkesundet som er Hardanger sin Trollfjord. Vill, veglaus, bratt og smal gjev den ein flott ramme for felekonserteren som me får når skuta snur i fjordbotnen. Botnen inst i Fykkesundet er hardingfela sin arnestad, så dette er magisk. Neste stopp er Hardanger fartøyvernssenter der gamle handverk er levande i verkstadane. Omvising på senteret før Granvin er attende i Norheimsund kl. 17.15.

Rutetabell

Buss frå Bergen kl. 7 30, i Norheimsund kl. 8 55.

9 30	Frå	Norheimsund
10 00	Anløp	Øystese
10 50	Ankomst	Herand
12 20	Avgang	Herand
13 00	Ankomst	Steinstø
13 45	Avgang	Steinstø
		Botnen med felekonsert
15 45	Anløp	Øystese
16 15	Ankomst	Hardanger fartøyvernssenter
17 10	Avgang	Hardanger fartøyvernssenter
17 25	Ankomst	Norheimsund

Buss til Bergen kl. 17 40, i Bergen kl. 19 05



Prisar 2013

NOK 550.- inkl. felekonsert
NOK 275.- for born u. 12.

Seglingsesong

Kvar dag frå og med
5. august til og med 25. aug.

Kjøp av billett

For kjøp på nettet:
www.fjordtours.no
For kjøp over disk:
Turistinformasjonen i
Norheimsund tlf 56 55 31 84
Restbill. ved ombord stigning

HARDANGERFJORDCRUISE



Sørfjorden


Toktet startar i Lofthus kl. 10 15 når Vøringen er komen frå Norheimsund. Første strekket går over fjorden til Aga. Her vitjar vi Agatunet, som er eit freda klyngetun med røter heilt tilbake til 1200 talet. Du finn både kulturhistoriske utstillingar, kunstutstillingar og film om Folgefonnhalvøya. Kanskje freistar ein kaffikopp for å la tida siva inn litt? Etter ein times stopp går ferda vidare til Tyssedal og Norsk Vasskraft- og Industristad museum. Det fortel eventyret om vatnet som rann og omskapte eit fattig bondesamfunn til ein industristad, med nye samfunnsstrukturar og velstand inn i heimane til folk. Ein og ein halv time gjev også rom for ein lunsj på det ærverdige flotte hotellet. Båten kjem att frå Odda kl. 14 30. Klokka 16 00 er båten tilbake på Lofthus og Vøringen går til Norheimsund kl. 16 15.

Rutetabell

Korresponderer med "Vøringen" som kjem frå Bergen og Norheimsund kl 10 00

10 15	Frå	Lofthus
10 30	Ank	Aga
11 30	Avg	Aga
12 30	Anløp	Espe
13 00	Anløp	Tyssedal
13 30	Ank	Odda
14 00	Avg	Odda
14 30	Avg	Tyssedal
16 00	Ank	Lofthus

"Vøringen" går tilbake til Norheimsund og Bergen 16 15



Priser 2013

NOK 390- for heildagscruise
NOK 195.- for born under 12 år.

Seglingssesong

Kvar dag frå om med 10. juli til og med 30. juli.
M/S *Atøy* og D/S *Stord* byter på å segle ruta.

Kjøp av billett

For kjøp på nettet:
www.fjordtours.no
For kjøp over disk:
Turistinformasjonen i Lofthus:
tlf 53 66 31 12
Restbillettar vert selde ved ombordstigning.